

Protokoll

HAUGALANDSRÅDET 1/24

DATO: fredag 9. februar 2024

TID: 09.30-14.30

STED: Vindafjord Rådhus, Ølen

TILSTEDE

Karmøy kommune:	May Synnøve Rygh (vara), Vibeke Vikse Johnsen
Haugesund kommune:	Nils Konrad Bua, Gunn Margot Bendiksen, Ole Bernt Thornbjørnsen
Tysvær kommune:	Monika Lindanger, Sigurd Eikje
Utsira kommune:	Marte Eide Klovning, May Britt Jensen
Bokn kommune:	Egil Våge, Ingeborg Skjølingstad
Sveio kommune:	André Mundal Haukås, Jostein Førre
Vindafjord kommune:	Ole Johan Vierdal
Suldal kommune:	Meldt forfall
Sauda kommune:	Håvard Handeland, Vegard Thise
Etne kommune:	Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim
Rogaland fylkeskommune:	Svein Erik Indbjo (vara)
Stortingpolitikere:	Tove Elise Madland, Terje Halleland, Tor Inge Eidesen, Lisa Marie Klungland, Bernt Jæger, Sverre Meling jr., Werner Schumacher (Statnett), Caroline Whittle (Norwegian Offshore Wind), Runa Monstad, Håkon Langeland og Frode Fjeldsbø (SrE), Anders Hovland (Helse Fonna), Helge Ytterøy Lorange og Lene Brekke (Revmatismesykehuset), Torstein Nymoene (Grannar).
Andre:	
Administrasjonen:	Sigmund Lier, Gunn Evy Auestad, Ingvild Haugen, Tora Margrethe Eide

SAKSLISTE

- Sak 1-24** **Merknader til innkalling**
Ingen merknader.
- Sak 2-24** **Godkjenning av protokoll frå sist møte**
Protokollen blei godkjent utan merknader
- Sak 3-24** **Nytt frå Haugaland Vekst**
Sigmund Lier orienterte om Landbrukskonferansen som blei arrangert i Etne i januar, Veikonferansen i Tysvær i februar og det komande formannskapsmøtet 22.februar.
- Tema for felles formannskapsmøte blir mellom anna kompetansegapet og rekruttering.
- Oslotur 13-14.mars. Begge dagane blir på KS-huset. Det blir møte med fleire statsrådar og stortingsbenken.
- Industrisafari 20-21.mars (sjå sak 13-24 Eventuelt)
- Det blei vedteke å flytta fellesmøtet med Sunnhordlandsrådet til 13.juni kl 15.

Arendalsuka 12-16.august 2024 (sjå sak 13-24 Eventuelt)

Rådet fekk ei oppdatering om det regionale omdøme- og rekrutteringsarbeidet og Haugaland skole og arbeidsliv. Det har vore fleire arrangement sidan starten av året.

Ingvild Haugen orienterte om rullering av tiltaksplanen som i 2024 har eit framleis stort fokus på grønt industriløft og havvind. Kommunikasjon og profilering er prioritert og berekraft skal styrkast. Det skal setjast i gang eit arbeid på tema mat og reiseliv.

Grøn energi og grøn industri: i tråd med tiltaksplanen har sekretariatet påbegynt ein strategi for grønt industriløft. Det blei lagt fram ei skisse som inneheld alle dei ni satsingsområda i regjeringa sitt grønne industriløft.

Status havvind: det kjem truleg ei utlysing på Utsira Nord i løpet av første kvartal 2024. Haugaland Vekst jobbar mykje med å støtta havvindaktørar med innsal av regionen og har god dialog med ulike konsortium om lokal verdiskaping. HVL har starta opp eit studium: Innføring i havvind.

Arbeidsgruppene i havvindstrategien har gitt tilbakemeldingar på at det litt for utydelege rammer og at fleire av arbeidspakkane overlappar. Haugaland Vekst jobbar vidare med ein betre struktur på bakgrunn av erfaringane som er gjort så langt.

Sak 4-24 Vedtakssak: Forslag om å samordna arbeidspakkar og tiltaksområde i arbeidet med havvind og grønt industriløft

Forslag til vedtak: *Haugalandsrådet gir sekretariatet, AU og en representant fra styret mandat til å lage et utkast til hvordan arbeidet med grønt industriløft og havvind tas videre. Arbeidet legges frem i neste møte i Haugalandsrådet.*

Vedtak: Forslaget blei samrøystes vedteke slik det blei lagt fram.

Sak 5-24 Nytt frå Stortinget

Tove Elise Madland orienterte om ny stortingsmelding om eldreomsorg (Meld.St.24): fellesskap og meistring – bu trygt heime. Madland oppmoda kommunane om å gå saman om å skapa eit tilbod for eldre som er svært sjuke og pleietrengande.

Terje Halleland orienterte om NTP, kjøp av flyplassen, straumsituasjonen, tungtransport over Haukeli og biogass. NTP kjem snart til Stortinget og er den viktigaste saka om dagen. Me må vera på og jobba saman om ein merknad til NTP.

Tor Inge Eidesen orienterte om økonomiske utsikter, NTP, beredskap, rekruttering og ny pensjonsordninga. Han oppmoda kommunane om å gi gass i økonomien og bidra til å skapa arbeid for lokale entreprenørar. Arbeidet med NTP er snart slutført og blir oversendt stortinget. Det blir jobba med ein revisjon av pensjonsordninga, ny stortingsmelding kjem.

Sak 6-24 Strategisk samhandling – forslag til plan for å betra Haugalandet sin innverknad
Forslaget til vedtak var:

1. Haugalandsrådet etablerer umiddelbart ei ressursgruppe innan samferdsel som skal jobba aktivt for å fremja regionen sine interesser inn i arbeidet med NTP 2025-2036.

2. Haugalandsrådet ber arbeidsutvalet og sekretariatet utarbeida eit forslag til korleis Haugalandet generelt kan systematisera og styrkja regionen sitt påverknadsarbeid.

Vedtak: Forslaget blei samrøystes vedteke slik det blei lagt fram. Følgjande personar blei valt inn i ressursgruppa for samferdsel og NTP: Ole Johan Vierdal, Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim, André Mundal Haukås, Marte Eide Klovning. Ole Johan Vierdal blei valt som leiar. Haugaland Vekst fungerer som sekretariat.

- Sak 7-24** **Den maritime næringa sin posisjon på Haugalandet v/ Sverre Meling jr.**
Meling presenterte tal frå Maritim rapport 2024 for Haugalandet og Sunnhordland. I løpet av fjoråret hadde næringa i regionen ein samla omsetnad på 73 mrd NOK – ein vekst på 27,3 prosent. Både verfta, rederia og undervasssteknologi melder om sterk vekst. Maritim utdanning rekrutterer godt, men det er for få kvinner. Eit nytt tiltak er «Kvinner i kuling»
- Sak 8-24** **Haugalandet versus Europa**
Runa Monstad, Håkon Langeland og Frode Fjeldsbø, Stavangerregionens Europakontor (SrE)

Rådet fekk ein presentasjon av regionkontoret og kva tenester det kan tilby. Om lag halvparten av sakene på dagsorden i norske kommunar og fylkeskommunar er direkte råka av EU og EØS. SrE jobbar med kompetanseheving, prosjektutvikling og profilering og er det regionkontoret i Noreg som har vore lengst i Brussel. Representantane viste til fleire EU-program som er relevante for Haugalandet til dømes for havvind og hydrogen.
- Sak 9-24** **Vedtakssak: Internasjonalisering som strategisk tiltaksområde i Veikartet 2021-2025**

Forslag til vedtak: *Haugalandsrådet ber Haugaland Vekst utrede sak for rådet med ulike alternativer for å styrke regionens arbeid mot Europa, og samarbeid med europeiske aktører.*

Vedtak: Forslaget blei samrøystes vedteke. Sekretariatet førebur ei sak til april-møtet i Haugalandsrådet.
- Sak 10-24** **Statnett sin områdeplan for Haugalandet v/direktør Werner Schumacher**

Haugalandet inngår i Statnett sin områdeplan for Bergensområdet og Haugalandet. Det er fullt i dagens nett – behov for nettførsterkingar og produksjon. Schumacher gjekk gjennom dei ulike trinna i områdeplanen, men påpeika samstundes at områdeplanen er under revisjon i 2024. Det kan medføre endringar i prioriteringane.

Tilknytning av havvind frå Utsira Nord. Statnett vurderer to ulike stasjonsplasseringar: Utsira og vestsida av Karmøy. Avgjerda kjem etter planen i 2025.
- Sak 11-24** **Orienteringar**
a. [Floating Wind Days v/ Caroline Whittle, Norwegian Offshore Wind](#)

FWD 2024 – 29-30 mai. Ambisjonen til FWD er å bli den viktigaste internasjonale møteplassen for flytande havvind-industri. I fjor var festivalen utselt – over 700 deltok. Det skal vera ein uformell møteplass med fokus på nettverksbygging. Festivalen tok heile byen i bruk og har som mål å ha eit event tilsvarande Arendalsuka. Målet i år er 1000

deltakarar. Whittle bad om støtte til arrangementet frå kommunane på Haugalandet og ønskjer tettare samarbeid med Sunnhordlandsrådet.

b. Revmatismesjukehuset, status v/ Helge Ytterøy Lórange og Lene Brekke

Behandlingstilbudet for revmatologiske pasienter har blitt betydeleg betre, men økonomien har blitt strammare. Den nye avtalen med Helse Vest er krevjande, det pågår no ei nedbemanning frå 22-13 årsverk. Dette vil leggja eit større press på kommunane.

Helse Fonna er ute av styret i Helse Vest.

c. Maritim uke v/ André Sæbø, Sjøfartsdirektoratet

23-27.september 2024 i Haugesund. Maritim Uke skal vera ein arena for heile den maritime næringa i Noreg. Føremålet var å samla tre nasjonale konferansar på ei veke: Haugesundkonferansen, Sjøsikkerhetskongressen og Fritidsbåtkongressen. I tillegg har det kome ei rekkje aktørar som ønskjer arrangement i samband med Maritim uke.

Sak 12-24 **Tilbakemelding frå rådet til AU og sekretariatet frå rådet**
Rådsmedlemmene sender forslag til saker på epost til sekretariatet.

Sak 13-24 **Eventuelt**

Industrisafari 20-21.mars

Rådet var positivt til å gjennomføra turen. Sveio fremja eit ønske om å invitara med Sunnhordlandsrådet.

Arendalsuka 2024

Haugalandrådet og Sunnhordlandsrådet har fått tilbod om å leiga plass til overnatting og arrangement på båten MS Sandnes i pollen måndag-onsdag, som Bergen Næringsråd har leigt. Rådet gav positive signal til å samarbeida med andre aktørar og til å ha arrangement, men det er behov for å vera i Arendal heile veka.

Opprop HV-08

Haugesund kommune bad rådet stilla seg bak eit opprop om å styrkja finansieringa av Heimevernet. Det blei bestemt at kommunane enkeltvis tar stilling til oppropet.

Haugesund kommune ber sekretariatet invitara inn Fagskolen i Rogaland i AU.

Sak 14-24 **Helse Fonna, orientering ved adm.dir Andreas Hovland om kvalitet pasientlekkasje, bemanning, korridorstatistikk og beredskap**
Helse Fonna ligg godt an på fleire kvalitetsindikatorar og scorar best i landet på behandling av slag. Helse Fonna har stor pasientlekkasje til nord og sør, det er ikkje alltid medisinsk begrunna. Å redusera lekkasjen er viktig for å ivareta det regionale helsetilbodet.

Bemanning er utfordrande. Kommunane og sjukehuset har behov for mykje av den same kompetansen og rekrutterer frå kvarandre. Delte stillingar kan vera ein fordel for begge partar. HF har hatt ein høg korridorstatistikk, men utviklinga det siste året har vore positiv. Det er viktig å planleggja saman for god flyt i tenestene.

Sauda og Tysvær løfta fram utfordringar med utskrivingsklare pasientar frå Valen sjukehus.

Kopi: Kontrollutvalgssekretariatet